



- UANSETT KOR DU BUR I FJELL

 **TURBUSS VEST**

BESTILLINGSBUSSEN TORSDAGAR TUR/RETUR STRAUME

FEM PÅ BUSSEN



Liv Kleppe

- Eg har brukt Servicebussen i ni år, og eg reiser fast kvar torsdag for å vera med på Seniorkaféen. I dag skal eg også ta meg ein handlerunde.



Sigrid Berg

- Eg tykkjer dette er alle tidars. Eg hadde ikkje kome meg ut om eg ikkje hadde hatt dette tilbodet. Eg tek bussen som regel kvar veke. På senteret får eg handla og vera med på Seniorkaféen og bingo. Eg håpar dette tilbodet held fram.



Sella Tellnes

- Dette er eit veldig greitt tilbod. Eg er svært godt nøgd med sjåførane. Dei stansar på vegen til Haganes, og då slepp eg å venta til bussen kjem tilbake.



Astrid Haganes

- Dette er topp. Når du er åleine og ikkje kan køyra bil, så er eg heilt avhengig av dette tilbodet. Servicebussen må halda fram.



Margun Tellnes

- Det er kjekt å ha handlebuss. Eg brukar busstilbodet fast og har stor nytte av det. I tillegg til handlerunden, får eg treffa vener og kjente. Det er kjekt å vera med på dette.

MEIR INFORMASJON WWW.FJELL.KOMMUNE.NO/SENIORTILBOD - FJELL FRIVILLIGSENTRAL TLF 55 09 69 29